



## OPPSUMMERING ETTER

**Samling - nettverk for kommunalsjefer helse og omsorg.**

**Tid og stad: torsdag 7. sept. Kl 10 – 15.30 i Hotel Terminus**

**Agenda den 7. sept. – nb! Her har vi store rom for tilpassing og gode saker!**

- **Organisering av nettverket** – ei arbeidsgruppe? Ein leiar? Kor formelt skal vi ha det?  
*Det vert etablert eit arbeidsutval (AU) med regional representasjon. KS er sekretariat.*  
*I arbeidsutvalet:*  
*Torgeir Sæter, Askøy – leiar*  
*Kjersti Nordanger, Voss*  
*Olav Mongstad, Austrheim*  
*Ingunn Toft, Sveio*  
*Astrid/KS prøver å få med repr for Bergen kommune*
- **Høgskulen på Vestlandet** – dei nye strukturane i HVL skal vere på plass frå 1.1. 2018.  
Alle einingane har eit RSA (=råd for samarbeid med arbeidslivet). KS vil gjerne drøfte med dykk korleis kommunane vil at samarbeidet med Høgskulen skal vere. KS har vore i dialog, og Høgskuleleiinga ser at på dette punktet kan vi berre «bli betre saman». KS har møte med HVL fredag 15. sept.

*Alle tilstades er enige i at det er naudsynt med tettare dialog med Høgskulen.*

*Kommunalsjefane vil gjerne «by på» dyktige medarbeidarar som kan undervise/motivere studentar. Hovedutfordringa er å få til ein dialog.*

*Kommunane må også jobbe med eige omdømme, - dei gode historiane må fram. Kan det vere ei kobling mot Kunnskapskommunen her?*

*Astrid/KS sender ei kort oppdatering etter møtet med HVL.*

- **Omsorgskonferansen** – den årlege Fylkesmannen, USHT, Senter for omsorgsforskn og KS har hatt saman i fleire år – kva kan vi gjere for å få den meir aktuell for leiarar og kommunalsjefar? Alle idear blir teke i mot!

*Konferansen 2018 er på Quality Edv. Gireg hotell, Sandsli, 11. og 12. april 2018*

*Eg noterte ingen spes. tema til denne konf – kom gjerne med idear på epost!*

- **Nytt frå kommunar**  
*Solrun, Vaksdal hadde innlegg om prosjekt Vaksdal er med i\*. Lysarka blir ettersendt.*
- **Innhald for neste samling**  
*Neste samling er 23. og 24. november. Det er «juletid» på hotellene, så vi ventar på svar frå hotell.*  
*Arbeidsutvalet får ansvar for innhaldet til samlinga.*  
*Nokre tema frå denne gruppa:*
  - *Fylkeslegen inndeiar om kvalitetsforskrift – med kommunefokuset.*

- *Framtidas behov for ulike bustader, - særleg for eldre, korleis treffe med analyser for behov?*
- *Analyser av nasjonale tall – det er forventa at kommunalsjefen kan fortolke og analysere nasjonale tall (t.d. kommunebarometeret, KOSTRA) – eit godt innlegg på dette.*

**\*Solrun Hauglum vil informere om dette prosjektet:**

Vaksdal skal starta to nye prosjekt i haust. Dei går begge på utprøving av sensor teknologi i heimar. Det eine gjeld utprøving i fire land, Sveits, Italia, Sverige og Noreg. Vaksdal er einaste kommunen i Noreg som skal testa dette ut. Det andre er utprøving av sensor-/varslingsteknologi som kan kjøpast i vanleg handel. Her skal Risør og Vaksdal prøva ut teknologien.

<http://mailchi.mp/18a4ee730019/avsluttende-nyhetsbrev-fra-prosjektet-universell-utforming-av-hverdagsteknologier>

- **Andre tema**

*KS bør ta opp sak om finansiering av praksis for studentar. Kommunesektoren får ingen midlar til praksisundervisning, medan spes.helsetenesta får store summar til dette.*

*Ei anna sak er forenkling av søknadsprosessane på alle ulike midler FM forvalter, som kommunane må søke på. Kompetanse-, utviklings-, innovasjons-, og ulike prosjektmidler. I dag er dette svært ineffektivt. Noko er definerte til bestemte tiltak, andre midler er skjønnsmidler. Her må heile systemet kunne forenklest sterkt. – Dette kan vere ei KS-sak.*

Astrid orienterte kort om arbeidet i KS med digitalisering:

<http://www.ks.no/fagområder/utvikling/digitalisering/>

AU må føreslå ein møteplan for 2018 og forslag til innhald i samlinger.

8.9.Astrid Toft/KS